



Norges Vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201110926-2/344/LENOMDA

Dykkar ref.:
NVE 200804287-6

Bergen, 22. november 2011

Søknad frå Røyrvik Kraftverk AS om løyve til bygging av Røyrvik Kraftverk i Kvam herad – Innspel

Vi viser til brev frå NVE av 10. oktober 2011 om høyring av Røyrvik Kraft AS sin søknad om løyve til å byggje Røyrvik kraftverk i Kvam herad. Det vert òg søkt om å regulere Storavatnet, Vetlavatnet og Øyjordsvatnet.

Frå 1. januar 2010 har fylkeskommunen heimel til å gje løyve etter § 8 i vassressurslova i saker som gjeld utbygging av kraftverk med installert effekt inntil 1 MW, utanom verna vassdrag. I høve søknad om regulering av Storavatnet, Vetlavatnet og Øyjordsvatnet, utgjer reguleringa mindre enn 500 naturhestekrefter og treng difor ikkje løyve etter vassdragsreguleringslova (jf. Bård Ottesen, e-post 08.11.11). Hordaland fylkeskommune er såleis ikkje høyringspart i denne saka, men er i høve NVE si forberedande sakshandsaming beden om å bidra med fagleg informasjon innanfor eige ansvarsområde. Etter høyringsrunden vil fylkeskommunen fatta endeleg vedtak i saka.

Fylkeskommunen sine ansvarsområde er knytt til forvaltning av vilt og innlandsfisk, kulturminne og friluftsliv. Dei vedtekne fylkespolitiske retningslinene leggast til grunn for handsaming av søknader om konsesjon for små vasskraftverk. Sjå vedlegg.

Prosjektet

Samandrag frå NVE:

Røyrvik kraftverk vil nytta fallet frå Vetlavatnet kote 72 til sjøen kring kote 2. Vetlavatnet er planlagt nytta som eit inntaksmagasin, og søkt regulert med 2 meter senking. Regulering av Vetlavatnet vil òg regulere vasstanden i Øyjordsvatnet via kanal mellom dei to vatna. Storavatnet er planlagt nytta som reguleringsmagasin med 4 meter senking. Kraftstasjon vert liggjande på kote 2 med avlaup til Røyrvikelva. Kraftverket er planlagt med installert effekt på 600 kW og den årlege produksjonen er rekna til om lag 2,1 GWh. Middelvassføringa i vassdraget er rekna til 567 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukevne på 900 l/s. Røygata på 850 m vil bli lagt i grøft på austsida av elva. Det er planlagt ei differensiert minstevassføring med slepp av 40 l/s i sommarsesongen (1/5-30/9) og 24 l/s i vintersesongen (1/10-30/4).

Strandebarm-Jondal delområde

Røyrvik høyrer inn under delområde Strandebarm-Jondal i småkraftplanen med følgjande omtale:

Strandebarm-Jondal delområde har stort potensial for småkraft. Området høyrer til Hardangerfjorden der landskapet har stor verdi og er nasjonalt viktig for reiselivet. Konsesjonssøknader i dette området må ha god visualisering av inngrep frå sentrale utsiktspunkt. Utbyggingsprosjekt må ta vare på landskapskarakteren med god vassføring i eksponerte fossar og vassdrag, og god landskapstilpassing av tekniske inngrep. Jondalselva har villaks som krev særskild merksemd og spesielle tiltak ved utbygging i vassdraget.

Landskap og friluftsliv

Røyrvik ligg ved Hissfjorden, som er del av Hardangerfjorden nord for Varaldsøy og inn til Jondal. Denne delen av Hardangerfjorden har eit fjordlandskap av stor verdi, vurdert som det ypparste og mest eineståande fjordlandskapet. Det går også turstiar langs elva til Vetlevatnet.

Fjordane i fylket er klassifisert i A, B og C landskap, delvis basert på NIJOS si inndeling i landskapsregionar og –typar. Røyrvik høyrer til klasse A: Bygdene i Kvinnherad og Strandebarm og referer til eit område med stor regional betyding der dei samla komponentane har kvalitetar som gjer landskapet eineståande og serskild opplevingsrikt.

I høve rammer for utbygging av små vasskraftverk peiker dei fylkespolitiske retningslinene for fjordlandskap (R3) på følgjande:

I fjordlandskap av stor verdi skal ein vere restriktiv med inngrep som fjernar eksponerte fossar og vassdrag eller reduserer heilskapen i landskapet. Ein skal legge vekt på at terrenginngrep, vegar, røyrgate mm. ikkje fører til varige sår som reduserer opplevingsverdien i landskapet. Ved inngrep i eksponerte fossar og elvestrekningar skal det stillast krav til minstevassføring som oppretthalde landskapskarakteren og opplevingsverdien.

Kraftstasjonen er plassert på innmarka nedanfor fossen i den nedre del av Røyrvikelva. Denne fossen er godt synleg frå hovudvegen ved høg vassføring. Ei eventuell utbygging vil føre til mindre vatn i fossen og slik kunne påverke landskapsbilete negativt ved at fossen vert eksponert sjeldnare enn i dag. Ein må difor vurdere om planlagt minstevassføring er tilstrekkeleg for å oppretthalde landskapskarakteren og opplevingsverdien i elvestrengen (jf. R3).

Kulturminne

I følgje søknaden er det ingen kulturminne som er i direkte konflikt med tiltaket. De gamle anleggene knytt til tidlegare utnytting av vasskraft vart ikkje råka av tiltak. Det går fram av rapport om biologisk mangfald (jf. vedlegg 2) at desse gamle anlegga er rester etter oppgangssag og kvernhus lokalisert ved fossen på motsatt side av elva frå der kraftstasjonen skal plasserast. Rapporten viser også til to intakte kvernhus lengre oppe i elva, samt til bilde og omtale av oppbygde steinmurar langs elva og mellom elva og slåttemark, ein steinbru over elven, med meir.

Hordaland fylkeskommune saknar ei fagleg utgreiing på kulturminnetema som er like detaljert som det for biologisk mangfald og som er utført av fagfolk og basert på ei grundig synfaring av området. Informasjon om kulturminne er ikkje kartfeste eller systematisert i søknaden under tema kulturminne.

I følgje SEFRAC-register over bygg oppført før 1900 er det fleire eldre bygningar i området.


Det er ikkje gjort ei vurdering av potensial for funn av hittil ikkje kjend automatisk freda kulturminne. Hordaland fylkeskommune vurderer at potensiale for funn av hittil ikkje kjend automatisk freda kulturminne er tilstede. Vi viser til at det er kjend 4 gravfunn på garden og fleire av bygningane i området er frå 1600 talet. Dette er eit område som ikkje har vore systematisk undersøkt av arkeologar før. Då det er eit potensiale for funn av hittil ikkje-registerte automatisk freda kulturminne vil det vere naudsynt med nærare kulturminnegransking for å avklare dette ytterlegare. Utbyggjar skal koste ei slik gransking, men vil avvente gjennomføring til ein eventuell konsesjon er gjeven. Dersom det vert avdekka automatisk freda kulturminne i konflikt med tiltak, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde. Undersøkingsplikta, jf. § 9 i Kulturminneloven, må vere oppfylt i god tid før iverksetting av tiltak i marka.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune saknar ei fagleg utgreiing av kulturminnetema som er basert på ei grundig synfaring av området. Utbygginga er vurdert å vere i lite konflikt med kjende regionalt verdifulle kulturminneverdiar.

Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetting av tiltaket. Dersom det vert avdekket konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

Med atterhald om at seinare kulturminnegransking kan avdekke automatisk freda kulturminne som krev justeringa av planane, har ikkje Hordaland fylkeskommune fleire merknader til tiltaket i høve kulturminne.



Fisk

Det kjem fram av søknaden at det er registrert bekkeare i Røyrvikelva og at elvestrengen frå planlagt inntak til området ovanfor fossen vert brukt til rekreasjonsfiske for barn. For å unngå at tilhøve for fisk vert redusert må ein vurdere om minstevassføringa er tilstrekkeleg for å oppretthalde bestanden, samt opplevingsverdien i elvestrengen.

Vi viser vidare til fylkesmannen sitt forvaltningsansvar i høve den lakse- og sjøauførande delen av Røyrvikelva.

Vilt

Når det gjeld forvaltning av vilt er tiltaksområde registrert i Naturbase (DN) som eit viktig vinterbeite for hjort. Verknadene av planlagt utbygging er likevel vurdert som så små at dei ikkje vil vere avgjerande for realisering av prosjektet.

Hordaland fylkeskommune har på noverande tidspunkt elles ingen avgjerande merknader i saka.

Gudrun Mathisen

Gudrun Mathisen
Klima- og naturressurssjef

Lene Omdahl
Lene Omdahl
Rådgjevar

Vedlegg: Fylkespolitiske retningslinjer
Kopi: Elizabeth J. Warren, Kultur- og idrettsavdelinga

Fylkespolitiske retningslinjer for små vasskraftverk

Søknadshandsaming

Dei fylkespolitiske retningslinjene er utarbeidd med heimel i plan- og bygningslova § 8-1 - §8-4 og skal gjerast gjeldande for planlegging og forvaltning på kommunalt, fylkeskommunalt og regionalt statleg nivå i Hordaland.

Tolkinga av konflikhtar og i kva grad eit tiltak er i tråd med omsyn i planen, ligg til fylkesutvalet.

<i>Overordna rammer</i>		<i>Referanse</i>
R1	Hordaland er positiv til bygging av små vasskraftverk der omsyn til miljø og andre arealinteresser er ivareteke. Verdiskaping for samfunnet skal også vurderast.	
R2	I verna område er verneføresegnene styrande for kva inngrep som vert akseptert. I verna vassdrag kan konsesjon for kraftverk opp til 1MW og opprusting av eksisterande anlegg vurderast om tiltaket ikkje svekker verneverdiane i området.	<i>Kapittel 4</i>
<i>Rammer for utbygging</i>		
R3	Fjordlandskap: - I urørte fjordlandskap skal ein vere <i>svært restriktiv</i> med kraftutbygging som reduserer det urørte preget i landskapet. - I fjordlandskap av stor verdi skal ein vere <i>restriktiv</i> med inngrep som fjernar eksponerte fossar og vassdrag eller reduserer heilskapen i landskapet. Ein skal legge vekt på at terrenginngrep, vegar, røyrgrater mm. ikkje fører til varige sår som reduserer opplevingsverdien i landskapet. Ved inngrep i eksponerte fossar og elvestrekningar skal det stillast krav til minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren og opplevingsverdien.	<i>Kapittel 3.1.2 Verdikart fjordlandskap</i>
R4	Sårbart høgfjell: - I sårbart høgfjell av stor verdi skal ein vere <i>restriktiv</i> med vasskraftanlegg som fører til varige sår i naturen. Avbøtande tiltak: Tunneldrift og veglaus utbygging kan redusere konfliktgraden. - I andre område med sårbart høgfjell bør ein <i>vise varsemd</i> med løyve til ny kraftutbygging, spesielt i eksponerte område mot viktige reiselivsområde og verdifulle friluftsområde.	<i>Kapittel 3.1.1 Verdikart sårbart høgfjell</i>
R5	Biologisk mangfald: - Ein skal <i>vise varsemd</i> med å gje løyve til utbygging av små vasskraftverk som kan føre til skade på artar som er "kritisk truga" (CR), "sterkt truga (EN)" eller "sårbar (VU)" på den norske raudlista. - For vatn med hekkande lom skal ein <i>ikkje gje løyve</i> til reguleringar som inneber endra vasstand eller endra svingingar i høve til dagens situasjon. - For elver som fungerer som hekkeområde for vintererle eller fossefall må det setjast krav om naudsynt minstevassføring. For vintererle er det også viktig å halde skogen langs elva intakt. For fossefall kan oppsetting av eigne reirkasser vere eit avbøtande tiltak der trygge reirplassar forsvinn. - Etablering av røyrgate og anleggsveg må ikkje føre til vesentleg inngrep i naturtypar av stor verdi. - Ein bør som hovudsak unngå tiltak som skaper barrierar som fører til splitting av leveområde for villrein.	<i>Kapittel 3.2 Verdikart biologisk mangfald</i> Norsk raudliste, naturtypar og førekomstar av artar: www.naturbase.no www.miljostatus.no Fylkesmannen i Hordaland Direktoratet for naturforvaltning
R6	Fisk: - I nasjonale laksevassdrag skal ein <i>ikkje gje løyve</i> til bygging av kraftverk på lakseførande strekning, dersom det fører til negativ innverknad på bestanden. Ein må <i>vise varsemd</i> ved utbygging oppstraums lakseførande strekning, og utbygging krev særskilte tryggleikstiltak for å redusere risiko for skade på laksestammen. - I lakseførande elver bør ein <i>ikkje gje løyve</i> til bygging av kraftverk på lakseførande strekning, og ein må <i>vise varsemd</i> ved utbygging oppstraums lakseførande strekning. - For elvestrekningar med sjøaure eller storaure skal ein <i>ikkje gje løyve til</i> vesentlege vasstandsreduksjonar. Der det er store fiskeinteresser skal ikkje tilhøva for fiske reduserast. For kraftverksutbygging oppstraums aktuell elvestrekning for fisk skal det vurderast om automatisk forbisleppingsventil skal monterast. Løyve til utbygging i mindre viktige område for sjøaure og storaure føreset auka og differensiert minstevassføring, ekstra høg minstevassføring i gytevandringstida og sikre inntaksordningar for å unngå tap av fisk i turbin.	<i>Kapittel 3.4 og 4 Verdikart fisk</i> Direktoratet for naturforvaltning Fylkesmannen i Hordaland

	4. Gyteområde for innlandsfisk må ikkje reduserast i eit slikt omfang at det er til trugsel for bestanden eller gjev vesentleg negativ innverknad for fiske.	
R7	Friluftsliv 1. Ein bør <i>visе varsemd</i> ved utforming av ny vasskraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserar opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi. Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet.	<i>Kapittel 3.6</i> <i>Verdikart friluftsliv</i> Hordaland fylkeskommune
R8	Kulturminne 1. I område med direkte tilknytning til verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal ein <i>visе varsemd</i> med løyve til ny vasskraftutbygging.	<i>Kapittel 3.5</i> Hordaland fylkeskommune
R9	Reiseliv 1. I område med stor verdi for reiselivet der tiltaket vil redusere opplevingskvalitetane skal ein <i>visе varsemd</i> med løyve til ny vasskraftutbygging. Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for reiselivet.	<i>Kapittel 3.7</i> Hordaland fylkeskommune
R10	Alternativ bruk av eventuelle tunnelmassar skal vurderast framfor tippar i terrenget.	
<i>Søknadsfase</i>		
R11	For små vasskraftverk i Hordaland gjeld følgjande krav for konsesjonssøknader samt søknader som har fått konsesjonsfritak og skal til kommunal handsaming ¹⁾ : 1. Alle søknader skal som minstemål følgje mal frå NVE for småkraftverksøknader. 2. Oversiktskart som syner eksisterande kraftverk i området og område med særskilt vern skal vere del av søknaden. 3. Kart med innteikna kraftverk, inntaksdam, vassveg, tilkomstvegar, anleggsvegar, kraftliner, tipper og andre arealinngrep som er naudsynt for å gjennomføre utbygginga skal vere del av søknaden. 4. For tiltak som kan ha influens på område med særskilt vern må konsesjonssøknaden ha særleg grundig omtale av verneverdiar og verknader for desse. 5. I område der utbygging kan føre med seg skade på natur- og artstypar av stor verdi eller område med potensial for slike, skal dette kartleggjast. 6. Konsesjonssøknad skal innehalde fotoillustrasjon som viser nærverknad og fjernverknad av inngrep med varierende vassføring. 7. Som del av søknadsprosessen må fylkeskommunen som kulturminnestyresmakt kontaktast for oppfyljing av undersøkingsplikta etter kulturminnelova. Eventuell felles synfaring og pålegg om arkeologiske undersøkingar må vere oppfylt innan fylkeskommunen skal ta stilling til saka. 8. Som del av søknadsprosessen må planstatus i høve til kommuneplan avklarast. ¹⁾ Punkt 4, 5 og 6 gjeld ikkje for søknader som har fått konsesjonsfritak.	NVE NVE Atlas <i>Kapittel 4</i> Fylkesmannen i Hordaland Hordaland fylkeskommune Kommunen